

Fylkesmannen i Rogaland  
Miljøavdelingen  
Postboks 130 Sentrum  
4001 Stavanger

**Særutskrift frå styremøte i Vats Grendautval  
Torsdag 3. mai i Vindafjordhallen kl. 19.30**

**1. Høyringsuttale om konsekvensutredning for avvikling og disponering av Statfjord C Lastebøye (SPM-C)**

Denne lastebøyen blei teken ut av produksjon 2005 og er meint å fraktast til Vats-/Yrkesfjorden sommaren 2012 for demontering ute i fjorden og opphogging inne på Raunes Miljøbase ved Vatsfjorden i Vindafjord kommune.

Høyringsdokumentet som er ei forenkla konsekvensutredning, syner korleis arbeidet skal føregå og kva for konsekvensar dette får for miljøet rundt fjordsystemet.

**Vedtak:**Grendautvalet har tidlegare støtta seg til ulike uttalar frå kontrollerande myndigheter som har konkludert med at denne operasjonen vil medføra liten og ingen skade for miljøet når alle forholdsreglar blir teke i bruk. Sjølve demonteringa av helikopterdekket og lastebøyen skal skje ute i fjorden og fraktast til land i to separate delar. Opphogginga av modulane skal skje på land Slik det er skissert og forklart tidlegare og i høyringsdokumentet, ser operasjonen ut til å vera utan større risiko for miljøet.

**NB: Grendautvalet vil likevel presisera og oppfordra Statoil og dei kontrollerande myndigheter v/Klif og Fylkesmannens miljøavdeling om at dei ser nøye etter at alt arbeid må skje på forsvarleg og kontrollert måte utan risiko for forurensing.**

Øvre Vats 3. mai 2012

Jon Olav Velde  
-leiar/skrivar-